

TE

# Prøvestaden sitt landskap

59GRADER NORD ÅMDALS VERK - FEBRUAR 2025

**Tittel:**

Prøvebustad 59grader nord  
- Landskap

**Forfattere:**

Tone Telnes

**Dato:**

06.02.25

**Oppdragsgiver:**

Tokke kommune/59grader nord

**Kontaktpersoner:**

Birgith Reinskås Lunden  
Anne Margit Urbø

**Prosjektoppsummering:**

Landskapsplan  
Prøvebustad  
Møteplass  
Leik

Prosjekttema:

Framsidediagram:

Prosjektleder / medarbeider  
Tone Telnes / Jenny Fischer

**Produsert av:**

FESTE Arkitektur • Landskap Sør  
Tordenskioldsgate 6, 3921 Porsgrunn  
Tlf: + (47) 35 93 02 10

[sor@feste.no](mailto:sor@feste.no)

[www.feste.no](http://www.feste.no)

## 1\_BAKGRUNN

På Åmdals Verk i Tokke kommune blir det no bygd ein prøvebustad, der tilflyttarar skal få høve til å prøvebu i grenda. 59°Nord, ein frivillig organisasjon eigd av grendelaga i Skafså, Åmdals Verk og Austheii, er byggherre. Tokke kommune har bidrege vesentleg til finansieringa.

Målet er å skape eit uteområde som er inkluderande, og som tek omsyn til både privatliv og fellesskap. Uteområdet skal ha ulike soner – nokre private og nokre felles, der naboar og bygdefolk kan møtast. Planen må leggje til rette for eit uterom som fremjar trivsel, fellesskap og inkludering, samtidig som det private blir ivareteke for dei som bur i bustaden.

Feste Landskap • Arkitektur er engasjert for å lage plan for uteområda, både for hagesona rundt prøvebustaden og for fellesareal og møteplass for grenda.

Det er utarbeidd landskapsplan med tilhøyrande skisser, illustrasjonar og ein tekstdel med referansar for å vise kva som er tenkt.

## INNHALD


1_Bakgrunn .....	s. 3
IDEFASE	
2_Kvalitetar og inspirasjon .....	s. 7
3_Oppsummering etter møte med arbeidsgruppe og naboar .....	s. 15
LANDSKAPSPLAN	
4_Beskrivelse av tiltaka i planen .....	s. 17
5_Landskapsplanen .....	s. 18
6_Illustrasjonar .....	s. 19
5_"Samskapingshagen" - enkel verktøykasse .....	s. 24

Foto frå tomte hausten 2024





# IDEFASE



## 2\_KVALITETAR OG INSPIRASJON

Bustaden ligg innpassa på ei lita flate i øvre del av tomta med naturleg markdekke ut mot vegen. Dette er ein fin kvalitet og viktig ramme som gjev god forankring til staden. I tillegg er det ei type uteområde som ikkje krever vedlikehald. På resten av tomta er det gjort inngrep, noko som gjer at dette er område der ein treng innsats gjennom skjøtsel av markdekke og vegetasjon for å gje kvalitetar for opphald og for å skape hyggelege, grøne rammer.

Vi syns det er viktig at landskapstilrettelegginga blir gjort med enkle og stadtilpassa grep, slik at uteområda har preg av å høyre heime på Åmdals Verk og i Vest-Telemark. Etter nye standardar er det også ein kvalitet om materialbruken er lokal og kortreist, eller om ein får til noko gjenbruk av materialar.

I referansebileta som er sett inn på neste side har vi henta fram element vi tenker vil vera fine å utvikle uteområda omkring. Nummera over kvart bilde viser til punkt i skisseplanen som fylgjer på sida etter.

1- NATUR Kvalitetane i den naturlege delen av tomta er viktige å ta vare på som forankring og ramme ut mot vegen. Kan gjerne vidareførast heilt inn mot bustaden.

2-STEINHELLER OG SEDUM Vi har latt oss inspirere av Grimdalstunet der uteområda er så vakkert tilpassa med bruk av naturstein i gangsoner og uteplassar. På gangsonene inn mot og langs huset kan slike villheller av naturstein brukast, gjerne i kombinasjon med sedum (torver av bergknapp) inn mot veggiv.

3-SITTETRINN OG PLANTEKASSER På baksida av huset kan plassbygde trinn i kombinasjon med plantekasser og benkar ta opp høgdeforskjellar mellom terrasse og grasflata i hagen og inn mot den høge grunnmuren.

4 - STI OG TERRENGMURAR Referanse frå Grimdalstunet der låge terrengmurar av naturstein tek opp høgdeforskjellar og gjev tilkomst mellom tunet og uthusa. Frå hagen på baksida av prøvebustaden er det foreslått ein gangsti ned til den nedre delen av tomta og ein felles møteplass i grenda. Ved hjelp av slike låge murar kan terrenget formast for å gje litt betre stigningsforhold og lage ei hylle for stien i skråningen.

5 - "GJENBRUKSNATUR" Skråningen og den nedre delen av tomta er prega av kratt og vekstar som kjem til som dei første "pionerane" der naturmarka er øydelagt. Som eit fint fellesprosjekt mellom gamle og nye busetjarar i grenda tenker vi at ein kunne laga ein "samskapingshage". Dvs at ein lagar ein enkel plan for å få fram eksisterande vegetasjon til å bli ein liten skogshage. Dette kan ein gjera ved å ramme inn små tre og den vegetasjonen ein ynskjer at skal få vekse seg stor og gjera dette til eit lite naturrestaureringsprosjekt.

6 - TREGRUPPER Det vil vera viktig å få opp grøne rammer for den felles møteplassen på nedre del av tomta. Bruk av lokale treslag er viktig for å få til god stadtilpassing. Slik kan tiltaket også enklare gjennomførast innafør rammene som er sett av til opparbeiding.

Som del av ei ideskissefase har vi på sidene som fylgjer lagt inn ein del referansar til utforming og element som kan innpassast som del av ein møteplass for grenda.

**1**  
NATUR



**2**  
STEINHELLER OG SEDUM



**3**  
SITTETRINN OG PLANTEKASSER



**4**  
STI OG TERRENGMURAR



**5**  
"GJENBRUKSNATUR"




**6**  
TREGRUPPE



1  
NATUR

2  
STEINHELLER OG SEDUM



3  
SITTETRINN OG  
PLANTEKASSER

4  
STI OG  
TERRENGMURAR

5  
"GJENBRUKSNATUR"

7  
MØTEPlass  
OG LEIK

6  
TREGRUPPE

SKISSEPLAN / TILTAK OG SONER

## Referanseoppslag til inspirasjon

### GARDSPLASS OG HAGE

#### PRIVATE SONER

- Plass for hagebord og stolar



- Terrengekantar - murar

- Sitteplassar - plassbygde kantar



## VEGETASJONSBRUK PRIVATE SONER

- SEDUM (TORVER)
- STADEIGNE TRE
- BREGNER
- VIER




## MØTEPLOSS OG LEIK FELLES SONER

- OVERBYGDE SITTEPLASSAR
- FUGLEKASSER
- UTSIKTSTÅRN
- SITTEKANTAR



## MØTEPlass OG AKTIVITETAR FELLES SONER

- DYRKING OG MØTEPlass
- BIKUBER
- INSEKTSHOTELL



## LAGE 100-METERSKOG FELLES SONER

- BYGDE GANGBANAR
- TERRENGKANTAR - MURAR
- VEGETASJON - VIER (norske planter)



### 3\_OPPSUMMERING ETTER MØTE MED ARBEIDSGRUPPA OG NABOAR

13.11.2024

#### Innspel til landskapsplanen:

- Vi ynskjer oss noko nytt og unikt på Åmdals Verk! (Kva enn det måtte vere...). Vi har allereie bål plass og leikeplassar.
- Viktig å tenke på at det er mykje vinter her – kanskje noko som fungerer også med snø? Akebakke kan vere eit aktuelt alternativ.
- Særpreget i nabolaget er at ungane kan leike fritt ute, med tilgang til ulike leikeområde der dei kan variere kor dei oppheld seg.
- Det er interesse for grønnsakshage og dyrking.
- Innspel om bygging av leikehytter som eit varig prosjekt, der prosjektet kan vekse og utviklast etter innbyggjarane:
  - Bygging og utvikling etter plan og kvalitet.
  - Infrastruktur og rammeverk som gir rom for utviding etter kvart som nye folk kjem til.
  - Fokus på gjenbruk.
  - Aktivitet som famnar breitt alders messig, der alle kan bidra og kjenne seg involvert.

- Inkluderande design nær vegen; møteplassen bør vere trinnfri og tilgjengeleg for rullestolar/barnevogner.
- Andre forslag: minigolf, sklie, zipline og store brettspel.
- Tretopp trampoliner slik som i Hamaren vart også foreslått.

#### Innspel om plassering av garasje for nabotomta:

Olav Andreas fekk tidlegare tilbakemelding frå kommunen om at grensene må vere rette og ikkje unødige «kronglete».

Birgith skal sjekke med Knut Erik/Tommy i kommunen om det kan vere mogleg å kjøpe eit «innhuk» på prøvebustadtomta for å hindre at tomte blir redusert for mykje.

Tone tilpassar garasjeplassering etter dialog med Olav Andreas.

Tone jobbar vidare med landskapsplanen, og om nokon har idear dei komande dagane, er det berre å sende ein epost!


#### Inkluderingsiltak:

Bygdekafé – med rullerande ansvar og lokasjon. Kvar 14. dag, på fast dag, gjerne på kveldstid.

"På Åmdals Verk er vi gode på store arrangement, men vi ynskjer også fleire mindre tiltak som legg til rette for gode samtalar og gjev moglegheit til å bli kjent med nye og gamle naboar." Bygdekaféen bør vere eit lågterskeltilbod – enkelt og uformelt. Ta med til mat til fellesskapet (kake, kveldsmat mm). Ved å variere lokasjonen for kaféen, får ein moglegheit til å oppleve ulike møteplassar grenda. Bør vere tilgjengeleg med bil.

# LANDSKAPSPLAN

med enkel beskrivelse



## 4\_BESKRIVELSE AV TILTAKA I PLANEN

### Viktige valg for gjennomføring

Det er ein føresetnad for tiltaka i planen at dei kan la seg gjennomføre innafor den økonomiske ramma som er sett av. Vi har derfor valt å halde planen ganske enkel og tenker at fleire element for å skape aktivitet og opplevingar, som det har kome innspel om, kan leggest til etterkvart. Det som vert fokuset i første omgang er derfor å etablere gode rammer med ternnegforming og vegetasjonsetablering. For ein hagedel for dei nye busetjarane oppe rundt huset, og ein felles møteplass for grenda på den nedre delen av tomta.

### Oppe rundt huset er elementa som vert lagt inn desse:

- Villheller av naturstein som gangsoner langs huset i kombinasjon med sedumtorver inn mot vegg.
- Staudeplantingar langs skråningsfot som

avslutning av gardsplassen og grasflata i hagedelen bak bustaden. Bregner og storkenebb m.fl.

- Eit nytt tre i hagen. Gjerne eit som blømer.
- Trinn i tre mellom terrasse og grasbakken. Kan kombinerast med sittebenkar og plantekasse for klatreplanter.
- Vierfelt i skråningen mellom bustaden og stien.

### Elementa i fellesområdet på nedre del av tomta:

- Terrengtilpassing av stien ved hjelp av låge terrengmurar på dei brattaste partia.
- Vegetasjonsbryn mot nabolagtomta. Etablerast ved å flytte vegetasjon og ved å la småkrattet få koma opp og bli til tre i ei randzone. I kombinasjon med å plante inn nokon nye tre.
- Ein "Samskapingshage" byggjast i felleskap. Eit gjerde blir sett opp av dobbel

rekke med trestolpar og stålwierar i kombinasjon med kvist og greiner (ref side 26). Innafor denne ramma plukkar ein ut små tre, buskar og felt av vegetasjon som skal få vekse opp og danne ein skoghage til slutt. Dette kan gjerast til eit felles prosjekt med nokon årlege aktivitetar og måtar å dokumentere utviklinga på frå år til år.

- Sona mellom "Samskapingshagen" og vegetasjonsbrynet mot naboen kan brukast som akebakke vinterstid.
- Som inngang til "Samskapingshagen" er det lagt inn nokre enkle konstruksjonar som er tenkt som starten på ein byggeleik-installasjon. I denne kan ein innpasse insektshotell, fuglekasser, dyrkingskasser, leikehytter, klatretårn m.m.
- På nabolagsmøteplassen vert det etablert ein grasbakke som kan klippast og ein treng langbord og benkar og ein enkel "kjøkkenbenk".



# 5\_LANDSKAPSPLANEN

Prosjekt  
Åmdals Verk  
Prøvebustad

Prosjektnr.	Dato	Sign.	Kontroll	Tegningsnr.	Målestokk	Arkstørrelse
	2025.01.31	JF	TT	1:250	L01	A3
Tiltakshaver				Fase		
				Skisse		

**FESTE**  
LANDSKAP · ARKITEKTUR

FESTE SØR AS  
PB 120  
3901 PORSGRUNN  
sor@feste.no  
+ 47 35 93 02 10

## 6\_ILLUSTRASJONAR











## 7\_"SAMSKAPINGSHAGEN"

### - enkel verktøyskasse

Referansebileta viser korleis ein på ulike måtar kan ramme inn ein hage (1), markere inngangen med gangbane (1) eller portal (2), løfte opp planter som små installasjonar kombinert med fuglekasser (3) og markere små tre ein ynskjer at skal bli store. Inntil dei blir det kan stolpe-markering skape rom og visuell effekt (4).




## Byggeleik


Enkle installasjonar/konstruksjonar som rammer for byggeleik der bygginga kan halde fram i fri leik.



PRINSIPPSNITT



PLANSKISSE




## Inngjerding

Gjerde av doble stolpar og med kvist i mellom kan danne ei fin innramming, samtidig som ein får rydda litt i krattet der ein ynskjer å få fram undervegetasjonen og skape ein frodigare skogshage. Dette er også enkelt å bygge sammen som del av eit felles prosjekt kalla "Samskapingshagen".



Prinsippet under plasserast som doble rekker



## Bord og benkar

For å skape ein god møteplass der ein kan samle grenda til grillfestar, 17. maifrukost, Jonsokfeiring eller fellesmiddag ein vanleg vekedag, treng ein langbord og benkar. Og ein praktisk kjøkkenbenk er også god å få på plass.

